


PLAN FOR SAMLINGSFORVALTNING
2021 - 2025



Vedteke i Styret for Sunnhordland museum 15.12.2020

Innhold

INNLEIING	3
SUNNHORDLAND MUSEUM SI SAMLING	6
Magasinet	6
Mål og tiltak	7
Hus og tun	7
<i>Krambua</i>	7
<i>Skulestova</i>	8
<i>Hatlandsløa</i>	8
<i>Eldhuset</i>	8
<i>Futastova</i>	9
<i>Ådlandsstova</i>	9
<i>Kloven</i>	10
<i>Smio</i>	10
<i>Stabburet</i>	10
<i>Stolmastova</i>	11
<i>Halsnøy kloster</i>	11
<i>Gjerdetunet</i>	12
<i>Nistovetunet</i>	12
<i>Jens Tvedt huset "Hauahuset"</i>	12
<i>Sæbøtunet</i>	13
<i>Nerheimstunet</i>	14
<i>Seløystova</i>	14



Mål og tiltak.....	15
SAMLINGSFORVALTNING	15
Inntak og mottak	16
Erverv, aksesjon og dokumentasjon (Katalogisering) ..	18
Mål og tiltak.....	19
BEVARING OG SIKRING.....	19
Konservering.....	20
Handtering.....	21
Magasinering.....	21
Emballering.....	22
Mål og tiltak.....	22
SAMLINGSUTVIKLING	22
Prioritering i museet si samling	24
Tematisk ansvarsfordeling.....	24
Å gjere samlinga tilgjengeleg.....	25
Innlån, utlån og deponering	26
Mål og Tiltak	27
LITTERATURLISTE:.....	28



INNLEIING

«Ethvert museumsstyre skal vedta en skriftlig samlingsplan som offentliggjøres. Planen skal omfatte innsamling, bevaring og bruk av samlingen»¹

Målsetjinga med denne planen er å prøva å gje ei oversikt over omfanget i Sunnhordland museum si samling, definera samlingsforvaltninga si rolle og kva prosedyrar og rutinar den skal følgje, og gjera greie for tiltak og arbeid med samlinga i planperioden. Vi vil laga eit dokument som museet aktivt kan bruka i arbeidet med samlinga, samstundes som det er eit overordna dokument for samlingsforvaltninga. Det er eit stort behov for å formalisera, gjennomgå og systematisera samlingsarbeidet. Planen er også eit viktig bidrag i museet sin overordna politikk for større openheit og transparens i arbeidet. Planen inngår som del av museet sine strategiske dokument.

«Forskning, kunnskapsutvikling og formidling baserer seg på det materielle grunnlaget som samlingene representerer. Dette betinger at samlingene forvaltes på en god og gjennomtenkt måte, med planer for utvikling og oversikt over tilstand, omfang og kvalitet. Det er viktig å utvikle museenes samlingsplaner for å integrere samlingsarbeidet tettere med forsknings- og formidlingsarbeidet.»²

Samlingsforvaltning handlar om museet sine materielle og immaterielle kjelder til historia som museet er sett til å forvalta og formidla. Gjenstandane, fotografia, lydopptaka av menneske som fortel om gamle dagar, brev og bøker, drakter, verktøy og mykje anna, er sjølv kjerna i musea sitt arbeid. Det handlar om metodar for bevaring av gjenstandar frå fortida, men reiser og spørsmål om kva og korleis vi skal samla inn i framtida.

Korleis kan Sunnhordland museum på best ta vare på og bevara gjenstandar for ettertida, gjera dei tilgjengelege og formidla historia dei fortel, er sentrale spørsmål denne planen tar mål av seg å svara på. I stortingsmelding 49 er eit av hovudmåla eit sterkare fokus på samlingsforvaltning, sikring og bevaring:

«Følgende hovedmål foreslås for museumssektoren: Forvaltning: Museenes samlinger skal sikres og bevares best mulig for ettertiden og gjøres tilgjengelig for publikum og for forskning. Viktige delmål vil være gode sikrings- og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingene.»³

Sunnhordland museum si samling omfattar kulturhistoriske gjenstandar og bygningar som er samla inn frå bygdene i regionen i nærare 150 år. Fyrst gjennom den lokale avdelinga av

¹ ICOMs museumsetiske regelverk punkt 2.1, s. 11

² Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 81

³ Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 13

Fortidsminneforeninga, deretter som Sunnhordland folkemuseum stifta i 1913, og i dag som Sunnhordland museum. Intensjonen var opphavleg å bevare historiske gjenstandar frå regionen.

I den fyrste årboka til museet frå 1914 er målet definert slik:

*“Det var på møte på Leirvik 18. oktober 1913 at bygdemuseet og sogelaget for Sunnhordlandsbygderne vart skipa. Laget si fyreløga er å samla inn leivningar av gamall norsk kultur her i bygderne, tradisjonar og ting, og varne dei so dei vert komande ætter si eiga”.*⁴

Dette er heilt i tråd med krav, intensjonar og tankar rundt bevaring for ettertida som myndigheitene stiller til musea i dag: «*Samlingene skal forvaltes slik at de kan bevares lengst mulig, og mest mulig intakt.*»⁵

Opphavleg var tanken å ta vare på bygningar som viste lokal byggeskikk, og plassera desse på museumsområdet i Vidtsteenparken på Leirvik. Fleire historiske bygningar utgjer det vi i dag kallar Sunnhordlandstunet på Stord. I tillegg har museet gjennom åra kjøpt eller overtatt drift av ei rekkje bygningar/tun i fleire kommunar i Sunnhordland.

Frå museet sin start var planen å driva innsamling slik det er omtala ovanfor. I 1994 vart følgjande punkt utarbeida i «Forslag til strategi for framtidig innsamling:

1. Sunnhordland Museum skal samle inn kulturhistorisk – (eventuelt) naturhistorisk materiale frå Sunnhordland. Materiale skal vurderast ut frå autensitet, estetikk og kvalitet, med størst vekt på det første.
2. Ein skal samle inn nytt materiale i samband med aktuelle prosjekt og utstillingar der det også vert gjort vidare dokumentasjon og formidling. Døme på slike i nær framtid er utviding av samlingane/nye utstillingar ved det maritime museet. (Dette museet er ikke en del av Sunnhordland museum lenger. Forf.note)
3. Det skal medvete samlast inn materiale frå etterkrigstida. For nyare innsamling skal ein samarbeide med andre museum i Hordaland gjennom Fellestenestene når slikt samarbeid kjem i gong.
4. Ein skal komplettere dei eldre samlingane der ein vantar materiale eler ein ønskjer dublettar til bruk i samlingane.
5. Avgjerd om innsamling/mottak av gåver skal gjerast av den ved museet som har ansvar for samlingane, konservator saman med dagleg leiar.
6. Når ein tek i mot gåver, skal det gjerast avtale med gjevar om at museet står fritt i høve til kassasjon.
7. Tilbod om større gåver som vil omfatte vesentleg ressursbruk for museet, skal leggjast fram for styret.

⁴ Sunnhordland årbok 1914.

⁵ Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 87

8. Styret/leiinga kan vedta detaljerte innsamlingsplanar som skal gjennomførast over ein bestemt periode.

Dette dokumentet som vart forfatta i samband med en ny museumsplan i 1994, inneheld mange punkt som museet har bygd vidare på, og som framleis er gjeldande. Samstundes manglar mange detaljar og prosedyrar, tiltak og konkrete planer, men intensjonen var at ein skulle byggje vidare på desse punkta.⁶

Eit av måla i tildelingsbrevet frå departementet er at «*samlingane ved musea vert tryggja og tekne best mogeleg vare på, og vert gjorde tilgjengelege*».⁷

Museet oppbevarte opphavleg gjenstandar i Ådlandsstova, der hovudrommet fungerte både som oppbevaring og utstillingslokale. På 1930-talet kom den fyrste delen av administrasjonsbygget, med eigen magasindel på loftet. Nytt magasin i kjellaren vart bygd på 1970-talet i samband med utbygging av administrasjonsbygget. Der finn vi framleis museet sitt hovudmagasin, men gjenstandar er lagra fleire stader. Museet har eit fjernlager på Litlabø for store gjenstandar og gjenstandar lagra i dei fleste bygga på Sunnhordlandstunet, og det som tidlegare var hovudmagasin; loftet. Museet nyttar også fellesmagasinet til Bevaringstjenestene på Salhus til utvalde gjenstandar.

I museet sine historiske og verneverdige bygningar som ligg i andre kommunar finns det mange gjenstandar som opphavleg stammar frå bygda eller slekta til tidlegare eigarar. Museet har ulike eigarskapsrollar og avtalar knytt til gjenstandar, alt etter kva som har vore hensiktsmessig til ei kvar tid.

⁶ Forslag til strategi for framtidig innsamling og museumsplan frå 1994 finnes i en perm på Sunnhordland museum. Denne og kunnskapen omkring prosessen med planane er blitt meg kjent etter samtale med tidlegare konservator Tore Lande Moe.

⁷ Statsbudsjettet 2020 – tilskotsbrev

SUNNHORDLAND MUSEUM SI SAMLING

Magasinet

Museet har sidan slutten av 1970 talet hatt hovudmagasin på omlag 200 kvm i kjellaren på administrasjonsbygget. I tillegg har museet magasin for tekstilar, tradisjonelle klesplagg - og plaggdelar i same rom som tekstilutstillinga ved museet.

Innhald og status

Museet har til vanleg omlag 40 000 kulturhistoriske gjenstandar lagra i magasinet. Dette er gjenstandar i ulikt materiale som fotografi på papir, originale glasplater, negativ, dokument, bøker, tekstil, metall, plast, gummi, trevirke, glas, keramikk m.m.

Grunnlaget for samlinga og innsamlinga har for det meste vore gåver og donasjonar. I nokre tilfelle har ein hatt ein meir aktiv innsamling og mellom anna kjøpt inn heile dødsbu med samlingar som samsvarar med museet sitt føremål.

Magasinforhalda er av varierende kvalitet. Generelt kan ein sei at det har vore lite tilfredsstillande bevaringsforhold, og at det har fungert meir som rein lagringsplass for gjenstandane. I fleire tilfelle har det vore dårlege klimaforhold for gjenstandane og magasinet har fungert dårleg med tanke på plassering, informasjon om gjenstandar, innpakking og dokumentasjon. Fleire gjenstandar har blitt skada som følge av for tett plassering. Magasinet har over fleire år hatt fuktproblem og til tider større lekkasjar utan at dette har vorte løyst tilfredsstillande. Desse forholda har truleg ført til større skade enn nødvendig.

Museet har sidan oppstart registrert gjenstandar i protokollar, men det har vore varierende og til tider mangelfulle registreringsprosedyrar på innkomne gjenstandar.

Omlag 12000 gjenstandar er protokollført og om lag halvparten av dette er registrert digitalt. Vi har stort etterslep på registrering, og fleire gjenstandar er ført dobbelt og/eller under andre nummersystem. Mange gjenstandar har mangelfull registrering og manglar vital informasjon om proveniens.



Mål og tiltak

Mål: Byggja opp eit godt fungerande magasin der gjenstandane er best mogleg tekne vare på i eit langtidsperspektiv.		
Tiltak	Tid for gjennomføring	Ansvar
Utarbeida system for inventarkontroll, magasininventar, nummerering av reolar, fag, hyller m.m.	Vår 2020	Konservator
Utarbeida prosedyre for magasinering av gjenstandar	Vår 2020	Konservator
Utarbeida prosedyre for flytting av gjenstandar	Vår 2020	Konservator
Flytta gjenstandar til nytt magasin	Haust 2021 – heile planperioden	Konservator

Hus og tun

Krambua

Krambua har stått i Sunnhordlandstunet sidan 1985 og har tidlegare vore handelsbu på kaien på Mehammar på Stord. Harry Mehammer overtok bua etter far sin i 1947. Her var det handelslokale, lager og postkontor. Museet har sett inn ein telefonsentral som stod ein annan stad på Mehammer. Ei krambu var tidlegare ein viktig stoppeplass for mange med postkontor, stopp for dampskipet, og eit godt utval av varer og snop. Krambua vår er fylt med gjenstandar og varer relatert til den tidlegare krambuverksemda, både frå Mehammerbua men også frå andre butikkar i distriktet. Krambua er open under spesielle arrangement ved museet. Då kan ein kjøpe kandissukker og anna snop her. I andre høgda har modist og hattedesignar Kirsti Ytterdal Moe atelier.

Innhald og status

Gjenstandane som er oppbevart i Krambua ligg i skuffer, skap og opent framme. Nokre av gjenstandane er katalogisert og registrert, men det gjeld langt frå alle. Omlag 1000 gjenstandar vert oppbevart i Krambua.

Gjenstandane er ikkje klimaregulert, lysregulert eller emballert på verneverdig vis. Inneklima er prega av store temperaturskilnader og svingingar i relativ luftfuktigheit. Kald og fuktig haust og vinter, til tider svært varme sommardagar og mange menneske som går inn og ut ved ulike



arrangement fører til at gjenstandane vert forringa hurtigare enn det som ville vore tilfelle under kontrollerte forhold.

Skulestova

Gamle Fjelberg skule kjem frå Brekke på Borgundøy. Museet overtok skulen i 1972, og reiste den i parken sommaren 1973. Skulen er frå 1849 og var einaste skule i bygda fram til 1938. Den har i 1860-åra også fungert som lærarskule. Skulestova inneheld mange gjenstandar og inventar knytt til undervisning frå midten av 1900-tallet.

Innhald og status

I bygninga er det fem rom over to etasjar. I fyrste etasje er hovudrommet innreia som eit klasserom frå ca. 1950-tallet med pultar, kateter, kart og andre gjenstandar. Dei andre romma er fylt med et ulike gjenstandar knytt til skule- og undervisning som undervisningsplansjar, undervisningsutstyr, kart, bøker m.m. Det finns ikkje nøyaktig registrering av gjenstandane i skulestova, og vi kjenner derfor ikkje nøyaktig tal på gjenstandar som er oppbevart her. Gjenstandane har i mange år vore oppbevart i bygninga under lite optimale forhold i bevaringsaugemed. Det har ikkje vore klimakontroll, det har vore direkte sollys inn vindauga, det manglar reingjeringsprosedyrar og prosedyre for IPM. Høg fuktigheit, store temperatursvingingar og insektangrep er dei største trugslane mot verneverdien til gjenstandane. Museet har ikkje oversikt over kor mange eller kva gjenstandar som er oppbevart her, og kjenner derfor ikkje denne delen av samlinga godt nok.

Hatlandsløa

Løa er flytta frå garden Hatland på Stord. Konstruksjonen er grindverk eller stavverk. Bygningskonstruksjonar med ståande stavar med ein bjelke (bete) mellom, vart kalla ei grind, og kan førast attende til den eldste, kjende bygningstypen i landet; jernalderhuset. Lafteteknikken som kom til Noreg i vikingtida, tok over som den dominerande bygningskonstruksjonen. På Vestlandet held ein på grindkonstruksjon i mindre uthusbygningar og løer fram til siste halvpart av 1800-talet.

Hatlandsløa er ein tømra fjøs, noko som var vanleg frå 1850-åra.

Innhald og status

Løa inneheld omlag 50 gjenstandar. Dei er ikkje registrert.

Eldhuset

Opphaveleg ei mellomaldersk røykstove, truleg frå 1500-1600 talet. Ho er lafta av grovt rundtømmer. Bygninga kjem frå futagarden Sørhuglo, og var kanskje bustaden til futen Ivar Knudson Gram før han bygde den nye "Futastovo". Eldhusa var garden sitt grovkjøkken. Der vart det baka, bryggja, bløytt for til dyra og røyka fisk og kjøt. Det fanst eldhus på mest kvar ein gard i indre og midtre strøk i Sunnhordland og Hardanger.



Innhald og status

Eldhuset er oppbevaringsplass for ulikt utsyr og reiskap som blir brukt til vedlikehald og ved ulike høve i parken i dag. I tillegg er det også enkelte museumsgjenstandar. Gjenstandar og verktoy står om kvarandre og til dels utilgjengeleg, det er derfor vanskeleg å få talfesta mengda, tilstanden og i kva grad dei museale gjenstandane er registrerte eller ikkje.

Futastova

Futastova var eigd av futen Gram på Sørå Huglo. Den eldste delen er frå 1600-talet, påbygd med ei stove og kammers på 1800-talet. Bygninga vart kjøpt av Sunnhordland museum i 1944 og reist i parken i 1946. Bygninga er omfattande med lemstove over to plan med to stover, kammers, grue, kjøken i fyrste høgda og tre rom og gang i andre høgda.

Innhald og status

Stova vert restaurert av museet og innreia med møblar og gjenstandar som skulle spegla stova si historiske tid, bruk og funksjon. I andre høgda er eit av romma innreidd som ein skomakarverkstad, med tilhøyrande gjenstandar. Desse gjenstandane er tildels registrert. Gjenstandane er oppbevart i rommet utan klima- eller lyskontroll og ber preg av det. Det manglar prosedyrar for reingjering og kontroll av insekt og skadedyr.

Huset inneheld gjenstandar som ikkje er registrert. Møblar, bruksgjenstandar, orgel, bøker, senger, omnar, kister, skomakarrelaterte gjenstandar, og anna inventar. Loftet er fylt med eit ukjent antall gjenstandar som ikkje opphavleg høyrde til i bygninga, men som er plassert der fordi museet har brukt plassen til oppbevaring av museumsgjenstandar.

Gjenstandane har vore oppbevart i bygninga i mange år under dårlege verneforhold. Det manglar klimakontroll, det har vore direkte sollys inn gjennom vindauga, og det manglar prosedyrar for reingjering og IPM. Høg fuktigheit, store temperatursvingingar og insektsangrep er dei største trugslane mot gjenstandane sin verneverdi. Det manglar kunnskap om kor mange og kva gjenstandar som er oppbevart her og museet ikkje kjenner denne delen av samlinga godt nok.

Ådlandsstova

Ådlandsstova kom til museumstunet i 1938 og er den eldste bygningen Sunnhordland museum eig. Vi har ikkje sikker datering på stova, men ho er truleg frå 1400-talet og er freda. Fortidsminneforeininga eigde bygningen før den vart overdrege til museet. Foreininga nytta stova som magasin og utstillingslokale for dei første gjenstandane dei samla inn frå regionen.

Innhald og status

Ådlandsstova har nokre få gjenstandar, skeier av tre og bein, på utstilling. Klimaet i stova har vore svært fuktig over tid. Dette er pr. i dag under utbetring. Stova vert nytta til undervisning der ein fyrer i gruva og gjerne ynskjer å ta på gjenstandane. Dette fører til ugjevne temperaturar



og slitasje på gjenstandane. Dersom ein i framtida skal vurdera å ha gjenstandar på utstilling i bygget, bør ein berre stilla ut gjenstandar som er avhenda til undervisning.

Kloven

Kloven eller klovestova er ei strandsitjarstove som opphavelig stod i Leirvik, i ein liten klove ved sjøen som gav namnet. Stova er ei enkelbredda lemstova med kjøken og kammar. Ho vart riven i 1981 og flytta til museet, men først i 1995 vart ho reist i museumstunet. Knut Jensen frå Huglo og kona hans Anna sette opp stova i 1850. Den tømra kjerna er 14 kvadratmeter og er henta frå eit anna hus. Eit stavverk kjøken og ei sval var bygd kring stova. Ho er innreda som ei strandsitjarstove.

Innhald og status

Stova er innreidd med møblement og gjenstandar frå 1800- og 1900-talet med ulike reiskap, møblar, kunst/bilete, jernomn, pyntegjenstandar m.m. I tillegg er lemen nytta til oppbevaring av nokre få gjenstandar m.a. ei kista, to senger og ei potte. Også her er det ei blanding av registrerte og uregistrerte gjenstandar. Her er ingen klimakontroll, gjenstandane er utsett for store svingingar i temperatur og fuktigheit, det manglar prosedyre for reingjering, og enkelte gjenstandar er utsett for direkte sollys gjennom vindauge som ikkje er dekkja til. Gjenstandane er såleis utsett for unødig store påkjenningar, og verneforholda er ikkje ideelle.

Totalt 82 gjenstandar, blanding av registrerte og uregistrerte.

Smio

Dette er ei gardsmie frå Søre Tveita på Stord, som har stått i Sunnhordlandstunet sida 1974. Det er eit tømra smierom og eit lite lagerrom i reisverk. Ei gråsteinsmurt esse med skorstein dominerer i smia. Det var mange små gardssmier i Sunnhordland. I desse kunne nevenyttige bønder utføra enklare smedarbeid til køyretøy, reiskap og bygningar. Meir komplisert arbeid vart frå 1850- åra utført av profesjonelle bygdesmedar.

Innhald og status

Smia inneheld ulike gjenstandar. Mykje verktøy og reiskap ligg lagra/utstilt med lite orden. Vi har ikkje tal på kor mange gjenstandar som er oppbevart her, og gjenstandane er stort sett uregistrerte.

Gjennomgåande er gjenstandane i dårleg stand. Mesteparten av reiskapen er av metall, og er rusta. Om det har skjedd p.g.a. oppbevaringsforholda i smia, eller om dei var slik når dei kom inn er vanskeleg å sei. Her er også mykje støv, insekt og andre faktorar som påverkar gjenstandane negativt.

Stabburet

Bygninga kjem frå garden Landa i Omvikedal i Kvinnherad, og vart satt opp i museumstunet i 1933. Huset har eit tømra forrådsrom med loft og ei grindbygd sval med utedør. Stabburet var



garden sitt forrådshus for mat. Der hadde ein salta og røykt kjøtt, flesk. mjøl og anna mat som kunne lagrast lenge. Mus og andre smådyr var ei stor plage. For å unngå desse stod huset på "stabbar" av stein eller tre, med ei "Kragahedla" over. Utetrappa skulle heller ikkje vere i kontakt med huset.

Innhald og status

Stabburet inneheld nokre få gjenstandar. Nokre er registrert, andre ikkje.

Stolmastova

Stolmastova er ei gamal røykstove som opphavleg sto på Stolmen i Austevoll. Som Ådlandsstova er det uvisst kor gamal ho er, men ein reknar at ho vert bygd på 1500-talet. Ho vart kjøpt av museet og flytta til Vidtseenparken i 1928 og var såleis den første bygningen i Sunnhordlandstunet. Bygningen består av ei tømra stove med ei sval i reisverk.

Innhald og status

Bygninga er innreia av museet med diverse interiør som skal spegla historisk tid og bruk. Seng, kråskap, bord, lause benkar, nokre bøker og diverse andre gjenstandar står i stova. Nokre av desse er registrert, andre ikkje.

Forholda er ikkje ideelle for gjenstandar. Til tider høg luftfuktigheit, store temperatursvingingar, insekt, direkte sollys og manglande reingjering er den største faren for gjenstandane.

Halsnøy kloster

I dag står ruiner etter klosteret igjen, samt våningshuset til Andreas Juel frå 1841. Klosteret vart truleg grunnlagt i 1163/64 i samband med kroninga av Magnus Erlingsson. Klosteret vart utvida rundt 1300, og det er mest ruinar frå den gang og seinare bygg vi ser i klostertunet i dag. Sunnhordland museum overtok Klosteret i 1958, og det er i dag ein del av museet med aktivitet, utstillingar og arrangement. Klosteret er også ein del av Riksantikvaren sitt nasjonale ruinprosjekt. Det er i hovudsak våningshuset som inneheld museumsgjenstandar.

Innhald og status

Tilveksten av gjenstandar har skjedd over fleire år. Nokre av gjenstandane er registrert, andre ikkje. Mange av gjenstandane kjem frå familien Juel, og mange kom i hus då Arild Håland residerte på klosteret over fleire år.

Halsnøy kloster er eit middelalderkloster og det har vore fleire arkeologiske utgravingar på området. Fleire gjenstandar kjem i kategorien førreformatoriske, og er automatisk freda. Dei er registrerte og magasinerte på universitetsmuseet i Bergen.

Halsnøy kloster har prefiks SF.HK. 404 og gjenstandar er registrert i eigen protokoll, medan eit ukjent antall ikkje er registrert. Gjenstandane er plassert på ulike stader i våningshuset, m.a.



som pyntegjenstandar og til dekor. Huset har eige bibliotek/arbeidsrom med mange bøker, nokre svært gamle.

Gjenstandane har ikkje tilpassa forhold for langtidsbevaring.

Gjerdetunet

I 1960 fekk museet moglegheit til å overta tre bygningar på Gjerdetunet i Mauranger saman med eit sel på heio i fjellet ovanfor tunet. Dette var bygningar som tidlegare leiar av museet Kristoffer Sydnes hadde kikka på allereie i 1929. Forutsetninga for overtaking var at bygningane skulle bli ståande i tunet. Dei tre interessante bygningane i så måte var Målabuo, Loftet og Stova. Her finn ein mange gjenstandar som følgde med overtakinga av bygningane.

Innhald og status

Mange av gjenstandane på Gjerdetunet er registrert og protokollført. Gjerdetunet har prefix SF.G og rommar pr. i dag 406 nummer. Gjenstandane har i mange år stått på utstilling i husa. Dei står og ligg ope og fritt i dei ulike romma, på golv, hyller og anna, først og fremst som utstillingsgjenstandar. Gjenstandane ber preg av å ha vore oppbevart utan særskild tanke på vern. Dei fleste gjenstandane er utsett for store svingingar i temperatur og fuktigheit, direkte sollys gjennom vindauge, insektangrep, støv og slitasje, og det manglar rutine for reingjering.

Nistovetunet

Nistovetunet i Omvikedalen i Kvinnherad blei kjøpt av museet i 1959. Nistovetunet omfattar dei tre bygningane som utgjorde "innetunet" på ein eldre sunnhordlandsgard med stove, stabbur og eldhus.

Innhald og status

Gjenstandane i tunet er autentiske og høver inn i stove, kjøken og stabbur. Det som skil seg ut er tekstilsamlinga, som dels er gitt som gåve til tunet, og dels er laga og brukt av dei siste som budde der. "Nistove-Britto" var sydame og kleda etter henne; kjolar, drakt og underklede er bevart og stilt ut i stova.

Gjenstandane her, som i mange andre av museumstuna, er prega av å liggje ope rundt i husa. Det er fyrst og fremst tenkt at besøkjande skal få sjå gjenstandane slik dei ligg i husa, og ikkje med tanke på optimale verneforhold. Gjenstandane utsett for store svingingar i temperatur og fuktigheit, direkte sollys gjennom vindauge, insektangrep, støv og slitasje, og det er ikkje utarbeidd rutine for reingjering. Med nokre unntak høyrer gjenstandane til på garden Hjelmeland. Antall gjenstandar i Sunnhordland museum si eige er ukjend. Dei er ikkje protokollførde eller registrerte.

Jens Tvedt huset "Hauahuset"

Fanejunker Johannes Tvedt sette opp huset sitt på bygsla tomt på garden Tveito i Omvikdalen. Opphavleg stod huset lenger opp mot bøgarden. Der vart det teken av ei jordskreda og kona og



eine barnet til Tvedt, omkom. I 1850-åra vart huset bygd på noverande grunn. Mest kjend er Hauahuset som barndomsheim til forfattaren Jens Tvedt, 3. barnet til Johannes og andre kona hans, Kristi.

Jens Tvedt budde heile barndommen og deler av ungdommen i huset. Personar og levevis i dalføret er lett å kjenna igjen i fleire av bøkene hans.

Ikring århundreskiftet vart Hauahuset selt til den engelske familien Skillbeck som i tre generasjonar nytta det til feriebustad. Familien hadde og to røykstover der dei samla antikvitatar som dei kjøpte i dalen. Ei av dei står i gardstunet.

Rektor Dunston Skillbeck gav Hauahuset til Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag i 1959. Seinare har museet kjøpt tomta ikring huset. Røykstova med antikvitatar vart gjeven til garden, og er soleis ikkje i museet si eige.

Innhald og status

Hauahuset er bygd opp som eit museum over Jens Tvedt sitt liv og forfatarverksemd, samt familiehistoria hans. Fanejunker J. Tvedt sin offisersfrakk, skatollet hans som var gáva frå heradet og ein amerikansk gyngestol, mange bøker innbundne av folk på garden, Jens Tvedt sitt bord og stol, samt soveromsmøblar, dokument og gjenstandar står i huset.

Det er ført protokoll over gjenstandane som inneheld 175 nummer, med prefiks SF.HH. Gjenstandane ber preg av å vera stilt ut i huset utan tilpassa forhold. Dei er utsette for støv, sollys, insekt – og gnagerangrep, fukt- og temperatursvingingar. Frakken har hengd på ein hengar i mange år, og ber preg av det.

Sæbøtunet

Gjerdsgrenda i Etne var truleg eit gammalt høvdingsete og i mellomalderen ein del av fundasjonsgodset til Halsnøy Kloster. Det var den største garden i bygda og den fyrste kyrkjestaden. På 1600-talet var grenda delt inn i fleire undergardar med eigne matrikelnummer. Sæbø var ein av desse. Lars Persson frå Skånevik kjøpte garden i 1756. Han var i slekta til 1936 då Edvard Tjelmeland vart eigar. Sunnhordland Folkemuseum kjøpte det gamle tunet på garden i 1938.

Innhald og status.

Gjenstandane på Sæbøtunet kjem frå mange ulike stader i Etne, og er samla inn gjennom mange år. Dei omfattar alt frå kyrkjebåt til maskinar, reiskap og anna utstyr og inventar som var i bruk på ein gard. Då Sunnhordland museum overtok garden, flytta dei tidlegare eigarane frå garden, og tok med seg mykje av inventar og lausøyre som hadde vore på garden frå gamalt.

Gjenstandane er i dag mest på utstilling, i tillegg til at nokre ligg lagra på loft og i låa. Mange av gjenstandane er registrert og førd i eigne protokollar. Det finnes to protokollar med til saman



1097 nummer. Både prefikset SFE, SFÆ og SFS har vore nytta i registreringa, i dag er SF.SÆ det godkjende og korrekte prefiks.

Nerheimstunet

I testamentet frå Anna S. Nerheim blei Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag arving til tunet på Store Nerheim i Ølen. Tunet skulle forvaltast som museumstun, kallast “Anna S. Nerheims Tun” og vera eit minne om hennar foreldre og besteforeldre. Slehta hadde sete med garden sidan 1778. Det var totalt fem bygningar på tunet; stove, løe med fjøs, eldhus, stabbur og skytja.

Innhold og status

Dei fleste gjenstandane på Nerheimstunet følgde med overtakinga av tunet, og stammar frå Anna S. Nerheim eller slekta hennar. Det har vore en viss tilvekst gjennom åra som delvis har kome via innsamling frå museet si side, og delvis frå personar som har levert gjenstandar på tunet, utan at inntak har vore formalisert. I dei ulike husa ligg mange gjenstandar med ymse tilstand. Her finst verktøy, vogner, tekstil, bøker, brev, møblar, fotografi, kjøkenreiskap, ei stor samling skipsmakarverktøy frå Bjoa, og mykje anna. Mange av gjenstandane ligg på utstilling i hovudhuset. Dei ber preg av å stå utstilt i huset utan tilpassa forhold. Dei er utsette for støv, sollys, insekt – og gnagerangrep, fukt- og svingningar i temperatur. Reingjering har vore sporadisk.

Nerheimstunet har prefiks SF.N., og det finns 875 gjenstander som er protokollført i eigen protokoll.

Seløystova

Seløystova er ei gamal røykstova frå Seløya i Tysnes kommune. Det er uvisst kor gamal ho er, men ein opererar med “nokre hundre år gamal”, som det står i Sunnhordland museum si årbok frå 2012. Ho vart flytta til Onarheim på Tysnes og reist der i 1968, etter at museet hadde overteke ho frå Hordaland Landbruksselskap nokre år tidlegare.

Innhald og status

I følge dokumentasjonen kring Seløystova står Sunnhordland museum som eigar av sjølve stova. Museumslaget som drifter stova har samla inn «ein god del gamle ting». Gjenstandane er ikkje protokollført, og er av ukjent opphav. Dei skriv vidare at gjenstandane har kome inn som gåver og frå dødsbo.⁸ Sunnhordland museum har ikkje drive innsamling av gjenstandar i Sæløystova og står ikkje som eigar av dei, og har følgeleg ikkje ansvar for dei.

⁸ «Seløystova på Onarheim, om saga, flytting og bruken av den gamle stova.» Samling dokumenter, korrespondanse og historikk, samla og skrevet av Olav Skjellevik og Nils Kåre Myklebust, 2011.



Mål og tiltak

Mål: Få oversikt over gjenstandane som vert oppbevart i museet sine bygningar og tun. Herunder tal, tilstand og status på registrering		
Tiltak	Tid for gjennomføring	Ansvar
Utarbeida prioritert liste over gjennomgang av bygningar og tun	Vår 2021	Konservator
Kartlegga gjenstandar, gjera tilstandsvurdering, prioritera, setje i verk tiltak for skadereduksjon, sanera, registrera, fotografera, katalogisera og pakka for magasinerings – Etter prioritert liste.	Hhaust 2022 - heile planperioden og vidare	Konservator

SAMLINGSFORVALTNING

Over har vi gått gjennom Sunnhordland museum sine tun og bygningar, estimert gjenstandsmengda og vurdert tilstanden til Sunnhordland museum si samling. Vi kan slå fast at vi har et stort behov for vidare kartlegging av Sunnhordland museum si omfattande samling.

Det følgjer naturleg av en kartleggingsprosess at vi også prioriterer i gjenstandane. Har vi til dømes mange like gjenstandar, er det gjenstandar vi ikkje har som vi burde ha m.m. er viktige spørsmål i en slik prosess. Samstundes er historikk, tilstand og kulturhistorisk verdi på gjenstandane viktige kriteria i en slik vurderingsprosess.

Ei kartlegging av museet sine gjenstandar, vil ikkje berre gje oss betre oversikt, men også betre kontroll over samlinga i sin heilheit. Kartlegging kan såleis bidra til meir systematisk bruk av samlinga i ulike samanhengar, anten forvaltning, formidling eller forskning. Registrering, fotografering og å katalogisera er derfor viktige stikkord i vidare arbeid. God samlingsforvaltning fordrar gode forhold for vern, oversikt over samlinga, gode rutinar og god samhandling blant tilsette.

Noreg har inga museumslov, men Kulturrådet har fleire rettleiande dokument dei ynskjer musea skal nytta i samlingsarbeid. Hovudmålsetjinga for dei konsoliderte musea finn vi i tidlegare



nemnte stortingsmelding, der dei ulike hovudmåla *Forvaltning, Forsking, Formidling og Fornyning* blir omtala.⁹

SPECTRUM 4.0¹⁰ blir omtala av Kulturrådet som standarden som skal bidra til felles forståing av oppgåvene som fell inn under samlingsforvaltning. Den beskriv ulike, naudsynte prosedyrar for samlingsforvaltninga, og den definerer ulike minimumsstandardar eller primærprosessar en slik forvaltning skal innehalde. En felles standard for samlingsforvaltninga i ulike museum vil også lette forståinga musea mellom, og forenkla samarbeid på tvers innan museumsverda.

SPECTRUM 4.0 inneheld detaljerte prosedyrar for dei ulike prosessane et museumsobjekt går gjennom i sin livssyklus i museet. Den består av to dokument, sjølve standarden og eit appendiks. Standarden beskriv 21 ulike prosedyrar for korleis rutineoppgåver i eit museum skal utførast og dokumenterast. Åtte av desse prosedyrane er definert som primærprosedyrar og det vert anbefalt at norske museum fokuserer på desse prosedyrane som grunnleggjande for god samlingsforvaltning. Følgjande prosedyrar er definert som primærprosedyrar:¹¹

- Mottak av objekt
- Erverv og aksesjon
- Plassering og flytting
- Katalogisering
- Utlevering av objekt
- Innlån
- Utlån
- Retrospektiv dokumentasjon

Godt utvikla og innarbeida prosedyrar og rutinar frå spørsmål som gjeld eit objekt, gjennom alle ledd fram til fullgod dokumentasjon om objektet og passering i magasin vil effektivisera samlingsforvaltninga ved museet.

Inntak og mottak

Sunnhordland museum har hatt både ein passiv og aktiv innsamlingspolicy. Det vil sei at ein både ynskejer å gå aktivt til ut å samla gjenstandar som kompletterer samlinga, men også i stor grad vera avhengig av gjenstandar som blir tilbydt museet.

Museet sine gjenstandar og delar av samlinga er hovudsakeleg kome inn til museet som følgje av gåver, i nokre tilfelle ved innkjøp og arv. I mange tilfelle har det vore vanskeleg å kontrollera kva gjenstandar som vart plassert av gjevarar på museet sine ubemanna tun rundt omkring i

⁹ Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 13

¹⁰ 25.11.20 presenterte Kulturrådet Spectrum 5.0 på norsk, neste generasjon standard for samlingsforvaltning.

¹¹ Standard for samlingsforvaltning, Spectrum 4.0 s. 5. Kulturrådet

Sunnhordland. Det har ikkje vore uvanleg at gjevarar har plassert donasjonar av gjenstandar på t.d. Sæbøtunet og Nærheimstunet utan, eller med mangelfull avtale med museet. Museet har soleis ved seinare anledningar reist inn på det aktuelle tunet og funne gjenstandar, vurdert desse og anten latt de bli verande på tunet eller tatt dei med tilbake til Stord.

Dagens situasjon

Framleis er innsamlinga stort sett passiv, i den forstand at museet tar inn gjenstandar til vurdering, via gjevarar som tek kontakt med museet, og i liten grad aktiv innsamling.

Det er i dei seinare åra innført betre prosedyrar for inntak:

- Gåver eller henvendelsar som gjeld gjenstandar skal alltid gå gjennom konservator, vera skriftleg dokumentert med bilete av gjenstanden(e), omtale av historikk og enkel omtale av tilstanden.
- Når gjenstand kjem inn skal skjema for mottak fyllast ut, og ved erverv skal det fyllast ut kontrakt for overtaking av gjenstanden. Denne skal signerast av museet og gjevar. Gjevar er juridisk ansvarleg for gjenstanden fram til museet overtek den. Dersom det er tvil om gjevar sitt juridiske forhold til gjenstanden, skal museet ikkje overta eigarskap, og ein skal vurdere å kontakta politiet.
- Kontrakten skal skrivast under i to eksemplar der gjevar får eit eksemplar.
- Museet skal arkivera sitt eksemplar elektronisk i eige arkivsystem og fysisk. Museet skal i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk vera aktsame med å erverva gjenstandar tilbydt av styremedlemmar, tilsette, deira familiemedlemmar eller andre med nær tilknytning. Dette gjeld både tilbod om sal og donasjon/gåver.¹²
- Vurdering av gjenstandar og mogleg aksisjon skal skje i inntaksteamet ved museet. Det består pr i dag av konservator, konservatorassistent og rådgjevar ved museet. Teamet er planlagt utvida med undervisningsleiar, slik at fleire fagavdelingar ved museet er representert.
- Dersom det er behov for synfaring av gjenstandar skal minimum to medlemmar av samlingsteamet vera representert. Ved ueinigheit om inntak vil samlingsansvarleg ha avgjerande stemme.
- Inntak skal alltid skje i samsvar med museet sine overordna mål, etter samlingsplanen sine retningslinjer og på bakgrunn av eksisterande samling.
- Dersom ein gjenstand ikkje vert vurdert til inntak i samlinga, skal undervisningsavdelinga få tilbod om den som rekvisita til bruk i formidling/undervisning.
- Dersom ikkje undervisningsavdelinga ynskjer gjenstanden gir samlingsleiar tilbagemelding til gjevar at gjenstanden ikkje er aktuell for museet si samling, og grunngjer dette.

¹² ICOMs museumsetiske regelverk punkt 2.10, s. 12.

Erverv, aksesjon og dokumentasjon (Katalogisering)

Tidlegare praksis for gjenstandsdokumentasjon har vore handskriven protokoll. Dette vart innført allereie 1914, og den informasjonen ein hadde om gjenstanden vart førd i protokoll. I enkelte tilfelle vart det også innført ein handteikna illustrasjon av gjenstanden. På 1950/60-vart ei ordning med katalogkort innført, i tillegg til protokollføring. Seinare, på slutten av 1970-tallet ble det i regi av fylket drøfta moglegheit for å katalogisera ved hjelp av EDB, og det vart innført ein nyare versjon av katalogkorta, med foto av gjenstanden.¹³

ICOM punkt 2.20 beskriv dokumentasjon som *“Samlingsdokumentasjonen skal inkludere en fylldig beskrivelse av hver enkelt gjenstand, dens tilknytning og eierhistorie, tilstand, behandling og oppbevaringssted.”* Alle gjenstandar på Sunnhordland museum skal ha eit unikt nummer. Dette startar med prefiks SF. etterfølgt av løpande nummerering. Gjenstanden skal registrerast utfyllande i databasen Primus, som er SPECTRUM-kompatibel.¹⁴

Gjenstanden skal i tillegg registrerast i egen protokoll ved museet og merkast fysisk med sitt unike nummer på en måte som samsvarar med god bevaringsskikk.

Gjenstanden skal fotograferast etter fotografisk standard som m.a. syner mål, fargar og ulike sider og vinklar. Foto skal merkast med gjenstandsnummer og betegning. Foto skal lastast opp i Primus i samband med registreringa. Etter at registreringa er tilfredsstillande skal gjenstanden publiserast på Digaltmuseum.no.

¹³ Tidligere konservator Tore L. Moe har også bidratt med opplysningene om museets tidligere innsamlingspraksis, og katalogiseringsmetode. En større rapport om felles katalogsystem basert på EDB fra 1977, foreligger på Sunnhordland museum.

<https://kulturit.org/les-mer-om-primus>. «I tråd med Kulturrådets ønsker om en felles standard for samlingsforvaltning i museene er KulturIT SPECTRUM-partner og Primus ble godkjent som SPECTRUM compliant i 2017.»

Mål og tiltak

Mål: Alle tilsette skal følge prosedyre for inntak av gjenstandar og ha kunnskap om forsvarleg handtering av museumsgjenstandar. Registrering skal følge same standard		
Tiltak	Tid for gjennomføring	Ansvar
Utarbeida spesifisert prosedyre for inntak av gjenstandar	2021	Konservator
Utarbeida rutinebeskriving for framgangsmåte for registrering av gjenstandar i primus, katalogisering og digitalisering	2021	Konservator
Utarbeida HMS rutinar for handtering og arbeid med samlinga	2021	Konservator
Gjennomføra internopplæring	2021	Konservator

BEVARING OG SIKRING

«Museenes samlinger skal sikres og bevares best mulig for ettertiden og gjøres tilgjengelig for publikum og for forskning. Viktige delmål vil være gode sikrings – og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingene»¹⁵

«Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger...»¹⁶

Samlinga skal beskyttast og takast vare på for kommande generasjonar. Ein kan forstå bevaring som ulike tiltak som skal hindra forfall av gjenstanden. Det er ei rådande oppfatning at gjenstandane skal sjåast på som kjeldemateriale til historisk kunnskap, anten gjennom formidling eller forskning.

«Museene skal dessuten være samfunnsarkiv for materielle levninger som belyser vår natur- og kulturhistorie. Gjenstander og dokumentasjonen av den sammenhengen de har stått i utgjør

¹⁵ Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 149

¹⁶ ICOMs museumsetiske reglever Kap 2. Prinsipp: s. 11.

*kildematerialet. Slik er museene viktige materialbanker og kan på mange måter sees på som arkiv for materiell kultur».*¹⁷

For at gjenstandane skal være kjelder er det viktig at dei er mest mogleg uforandra, at dei står fram som autentiske. Det er også rådane oppfatning at ein ikkje skal rekonstruera gjenstandar, eller bygningar, med mindre det går tydeleg fram at det er ein rekonstruksjon. «*Konservering betyr att bevara i oförädrat skikk*».¹⁸

Ein konserveringsprosess bør byggja på eit stort fagfelt og ikkje berre historisk kunnskap om gjenstanden. Kunnskap om materialet gjenstanden består av, og kunnskap om ulike typar indre og ytre påverknad som gjenstanden har vore utsett for, t.d. kjemiske og biologiske prosessar gjenstandane naturleg går gjennom over tid, klima og forhold knytt til korleis den har blitt oppbevart, fuktigheit, støv, muggsopp osv. er viktig. Vidare må sjølve konserveringsprosessen dokumenterast grundig, og følgjast av ein rapport som går inn i gjenstanden sin proveniens. Kunnskap om materiale og konserveringshistorikk er også viktig i eit helseperspektiv for personale som handterer gjenstanden. Vi veit at mange gjenstandar inneheld helseskadelege stoff også frå tidlegare metodar for konservering. Dokumentasjon av prosesser med gjenstandar er derfor viktig også i eit helse- og sikkerheitsperspektiv.

Konservering

Innan konservering nyttar ein to hovudinnendingar; teknisk eller aktiv konservering, og førebyggjande/preventiv eller passiv konservering.

*«Preventiv konservering omhandlar gode bevaringsforhold som vil forebygge eller bremse nedbrytningen av materialet. Alle som jobber i museum, jobber med forebygging. Aktiv konservering er stabiliserende inngrep på objektet og skal kun gjennomføres av materialkonservatorer. .»*¹⁹

Ved behov for aktiv konservering nyttar Sunnhordland museum seg av Bevaringstjenestene på Salhus, evt. andre som tilbyr slike tenester. Det er hos dei vi søker råd om gjenstandar som har slike behov, og det er hos konservatorar gjenstandane går gjennom konservering på bestilling. Samlingsansvarleg ved museet kan gjera lett aktiv konservering dersom det er mogleg å gjennomføra på ein forsvarleg måte på museet.

Sunnhordland museum driv fyrst og fremst førebyggjande konservering. Det er alle tiltak som førebyggjer nedbryting av gjenstanden, og og som bidreg til å stabilisera den med tanke på vern

¹⁷ Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 81

¹⁸ MAGASINSHANDBOKEN «Tidens tand» Förebyggande konservering, s. 16. Riksantikvarieämbetet 1999.

¹⁹ <https://samlingsnett.no/aktivkonservering>

i langtidsperspektiv. Det betyr sikring og kontroll av samlinga gjennom tilstandsvurdering, handtering, optimalisering i forhold til lys, klima, reinhald, emballering og lagring i magasin. I tillegg kjem planar for beredskap og krisehandtering.

Handtering

Mange museumsgjenstandar er skjøre, og det er stor risiko i samband med handtering av dei. Gjenstandar av organisk materiale er ofte utsett for insektangrep og muggsoppangrep. Tidelegare metodar for konservering inneholdt ofte farlege stoff, t.d. møblar som vart behandla med blåsyregass mot insektangrep. Kunnskap om handtering av gjenstandar, historiske metodar for konservering, og moglege helsefarlege middel i museumsgjenstandar er voksande og det er naudsynt å halde seg oppdatert på den seinaste forskinga og kunnskapsdelinga rundt dette. Gjenstandar skal i hovudsak handterast av, eller etter konsultasjon med samlingsavdelinga/konservator.

Magasinering

Bevaring av gjenstandane på etisk forsvarleg vis er avhengig av gode og tilpassa magasinforhold. Størsteparten av si samling vert oppbevart i museet sitt hovudmagasin på Sunnhordlandstunet (Sjå kap. 1 for nærare omtale). Dette magasinet har vore lite tilpassa ulike typar gjenstandar og materiale og er utdatert i forhold til moderne magasinstandard, både med tanke på innreiing og klimaregulering. I mange år har vassintrenging og lekkasjar ført til høg luftfuktigheit. Resultatet har vore mykje muggsopp på utsette gjenstandar, rust på metall, og andre fuktskadar på gjenstandar som papir, tre og tekstilar.

Ein vasslekkasje jula 2017 medførte full kriseberedskap. Museet fekk krisehjelp frå Bevaringstenestene på Salhus. Alle gjenstandane vart evakuert frå magasinet, våte/fuktige gjenstandar vart tørka og fleire vart sendt til Bevaringstenestene for konservering. Alle andre gjenstandar vart plassert i fjernmagasinet på Litlabø. Vi observerte også ved evakuering at fleire gjenstandar hadde fått mekanisk skade som følge av dårlege oppbevaringforhold.

Museet har dei siste åra jobba for å betra magasinforholda på Sunnhordlandstunet. Utvendig drenering er gjennomført. Innvendig har vi fjerna den gamle magasininnredninga og fått på plass ny magasininnredning som i større grad er spesialtilpassa ulike gjenstandar, gjenstandstypar- og størrelsar. Magasinet er utrusta med nytt klimaanlegg som sørgjer for stabil relativ luftfuktigheit (RF) og temperatur.

Andre stader der det er gjenstandar t.d. på fjernlageret, eller i de ulike husa/museumstuna, vil museet foreta naudsynte tiltak for å optimalisera forholda for gjenstandane. Tiltak kan være å dekkja til vindauga for å hindra direkte sollys, vifte, varmeomn, avfuktar, rengjeringsrutinar, tilstandsvurdering m.o.t. konservering eller flytting til andre og meir eigna magasin.

Som et førebyggjande konserveringstiltak har museet kjøpt inn fryserom. Museet har og tilgang på varmebehandling gjennom varmekammer som Bevaringstenestene stiller til disposisjon.



Det skal ikkje gjenstandar inn i magasinet som ikkje er tilstandsvurdert, sanert for insekt med hjelp av frysing eller på annan måte reingjort. Magasinet har også fått eit forrom, ein «skitten sone» som er avskilt frå sjølv oppbevaringsdelen i magasinet. Dette rommet er eigna til å vurdere gjenstandar og foreta enkel reingjering under eige avtrekkspunkt t.d. børsting, tørking, lett støvsuging, eller liknande før evt. vidare tiltak vert sett i verk. Her kan en også registrera, emballere, fotografera og merka gjenstandar.

Emballering

Rett emballering og pakking er førebyggjande konservering. Alle typar gjenstandar som vert pakka for magasin skal emballerast med rett emballasje for den aktuelle gjenstanden/materialet. Emballasje syt for at gjenstandane er beskytta mot støv, lys og hindrar mekanisk skade. Alle pakka gjenstandar skal merkast på utsida av emballasjen med museumsnummer og betegning.

Mål og tiltak

Mål: Hovudmagasinet skal vera eit moderne magasin som er optimalt tilpassa gjenstandane som vert oppbevart her		
Tiltak	Tid for gjennomføring	Ansvar
Utarbeida godt system for adgangskontroll til magasinet og inventarkontroll	2021	Konservator
Utarbeida sikringsplanar for gjenstandar, inkludert evakueringsplan for særleg verdifulle gjenstandar	2022	Konservator
Plan for kva gjenstandar og kva kriteria som skal leggst til grunn for å senda gjenstandar til konservering og magasinoppbevaring hos bevaringstenestene på Salhus	Heile planperioden	Konservator

SAMLINGSUTVIKLING

«Det vil alltid være begrensinger i hvor store samlinger museene kan bevare på en forsvarlig måte, og innsamlingen må skje ut fra planer som er basert på prioritering, samhandling og effektiv bruk av ressurser. Kvaliteten av museenes samlinger kan ikke bare måles ut fra mengde og bevaringstilstand. Dokumentasjonen av det innsamlede materialet har stor betydning for samlingenes verdi både for forskning og formidling. Ut fra et slikt perspektiv er det viktigere å

samle et begrenset materiale som er dokumentert i en bred kontekst, enn å samle store mengder materiale med mangelfull eller sterkt avgrenset dokumentasjon.»²⁰

Korleis ser museet på samlinga si? Kva ynskjer vi med gjenstandane våre? Kva representerer dei, og kva skal dei brukast til? Korleis tek vi vare på dei og kvifor? Som tidlegare omtala er gjenstandane å rekna for kjelder. Kjelder til kunnskap om fortida. Altså historiske kunnskapskjelder som vi vil læra av i dag, og i lang tid framover. Betyr det at samlinga kan vekse mykje i framtida?. Korleis skal vi handtera mengda gjenstandar vi har i dag, og samstundes få plass til alle framtidige gjenstandar? Historia sluttar ikkje å produsera kjeldemateriale som vi har ansvar for å ta vare på.

Å utvikla samlinga vidare i framtida, med grunnlag i den store gjenstandssamlinga som finns i dag, fører med seg ulike prosessar og prosedyrar for samlingsforvaltninga.

Hovudmålsetjinga i planperioden er å få oversikt over samlinga, rydda i gjenstandane, gjennomføra eit større prioriteringsarbeid, og registrera dei gjenstandane som vert definert som en del av samlinga til museet.

Sunnhordland museum skal ha ein streng og forsiktig innsamlingspolitikk i framtida. Det er mange gode grunner til. Det er også et ressurspørsmål, i kva grad vi har moglegheit til å bevara innkomne gjenstandar på ein forsvarleg måte med tanke på inntak, registrering, sanering, lagring i magasin m.m. Samstundes er det viktig at museet ikkje gjennomfører full inntaksstopp. Vi har et ansvar for å utvikla samlinga vidare. Det betyr også å vurdere inntak av nye kulturhistoriske gjenstandar, frå nær til meir fjern fortid.

Sunnhordland museum har ein vesentleg restanse med omsyn til registrering av gjenstandar i samlinga. Omlag 13.000 gjenstandar er pr. i dag registrert og av dei er omlag 6500 digitalisert. Det betyr at ei betydeleg mengde gjenstandar vert oppbevart under midlertidige, og meir eller mindre høvelege forhold med tanke på at de seinare skal takast inn i samlinga.

Uten oversikt over eiga samling vil planmessig og strukturert innsamlingsarbeid vera vanskeleg. Dersom ein ikkje veit kva gjenstandar ein har, kan ein risikera å ta inn gjenstandar ein har frå før, og motsett, takke nei til gjenstandar ein burde ta inn. Det fører og til svakare grunnlag for å gjera tilgjengeleg og bruka samlinga til undervisning, utstillingar, forskning m.m.

Museet bør også vurdere om vi har behov for å samle inn gjenstandar innanfor spesielle deler av historia som er underrepresentert i museet si samling i dag, men dette er noko ein må sjå nærare på i planperioden, i samband med kartlegging og prioritering av noverande samling.

²⁰ Stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas museum, s. 83



Prioritering i museet si samling

Sunnhordland museum vil i planperioden gjennomføra et større prioriteringsarbeid i samlingane sine. Dette vil i fyrste omgang skje i samband med å tilbakeføra evakuerte gjenstandar frå fjernmagasinet til det nye magasinet. Då vi evakuerte gjenstandane i magasinet og pakka ned ein og ein gjenstand, fekk vi betre oversikt over samlinga, det er eit grunnlag vi kan jobba vidare med i prioriteringsarbeidet.

Kulturrådet si skrift «Retningslinjer for avhending.»²¹ beskriv korleis mange museum slit med oversikt over egne samlingar. Det vert stilt spørsmål ved om alle deler av samlingane skal bevarast og under kva forhold.

*«Dette er ein del av det å prioritera i samlingane; å vurdere kva som bør ha dei beste bevaringsforholda, kva som kan plasserast i mindre gode lokale, og kva som kan avhendast.»*²²

Sunnhordland museum må finna fram til konkrete metodar som skal nyttast i avhendingprosessen, men vi vil følgja dei fire stega som er anbefalt i «Retningslinjer for avhending»:

- **Forarbeid:** avklaring av juridiske og formelle spørsmål og sørga for at arbeid med prioritering har tydeleg forankring i museet sitt planverk
- **Planlegging:** Definere problemstilling, beskriva målsetting, velja metode og oppretta sak.
- **Gjennomføring:** Utval av gjenstandar, vurdering og dokumentasjon
- **Val og konsekvensar:** Etablering av status og vidare handling som resultat av prosessen²³

Det vil vera naturleg å gjennomføra ulike vurderingar i en slik prosess. Tilstandsvurdering, vurdering av gjenstand mot andre gjenstandar av same type m.m. Eit utfall er at delar av museet si hovudsamling blir tilbydt undervisningsavdelinga og på den måten kan nyttast i formidlingsarbeidet i museet.

I planperioden må museet utvikla prosedyre for prioritering i samlinga, avhending, destruksjon og deaksesjon i samsvar med Spectrum sin omtale av denne policyen.²⁴

Tematisk ansvarsfordeling

Tematisk ansvarsfordeling har tidlegare vore drøfta mellom musea i Hordaland etter initiativ frå fylket, og ligg som eige punkt i «Samlingsplan for musea i Hordaland 2015 – 2020.» Intensjonen

²¹ «Retningslinjer for avhending. Prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar» Heid Seilfaldet. Kulturrådet,

²² Samme dok, s. 4

²³ Samme dok. s. 6

²⁴ Spectrum 4.0. Policy nr 20 Avhending, destruksjon og deaksesjon. S. 86

med ansvarsfordeling var å unngå at mange museum samla like gjenstandar innanfor same region, og på den måten effektivisera innsamlinga av gjenstandar i musea. Det har vist seg utfordrande å definera kva dei ulike musea skal fokusera på i innsamlinga si, og korleis innsamlinga skal skje i praksis. Som samlingsplanen skriv:

*«Musea vart difor tidleg utfordra på å sei noko om kva tema samlingane inneheld i dag og kva felt dei ønskjer å ta ansvar for i framtida. Dette vart enklare å svara på for dei musea som samlar innan eit avgrensa felt, men mykje vanskelegare for museum som skal samle inn frå ein heil region».*²⁵

Musea er ulikt organisert, og har ulikt ansvar. Enkelte museum har allereie definert tematiske område som sitt ansvar, som t.d. fiskerimuseet og sjøfartsmuseet, mens andre, som Sunnhordland museum, har regionsansvar. Det vart presisert at det er snakk om ny innsamling.²⁶ Det var foreslått at Sunnhordland museum skulle ta et særskilt ansvar for felte gruvedrift, skips – og petroleumsnæring i fylket, samt eit regionalt ansvar i forhold til psykiatrihistorie.²⁷ Dette har seinare blitt foreslått utvida også å gjelde maritim industrihistorie. Tematisk ansvarsfordeling er ikkje vedtatt i fylket eller hos styret på Sunnhordland museum. Det er framleis eit spørsmål som blir drøfta, og som har mange uløyste problemstillingar knytt til seg.

Det er mange spørsmål som reiser seg i drøftinga om tematisk ansvarsfordeling. Særleg er det viktig å avklara grensene mellom ulike typar museum. Korleis ein ser på gjenstandar som kjem under fleire kategoriar? Skal dei bli verande i regionen der dei har opphav og gå inn i regionsmuseet, eller skal vi tilby dei til eit anna museum med tilhøyrande ansvar? kvar går grensene for denne type innsamling, og korleis skal ressursane fordelast og forvaltast ut frå denne inndelinga? Skal musea sine samlingar i større grad magasinerast sentralt, i et fellesmagasin? Et anna større spørsmål som har blitt aktuelt dei siste åra, er den nye fylkesinndelinga. Korleis vil dette påverka problemstillingar knytt til tematisk ansvarsfordeling og fellesmagasin? Samlingsrådet og brukarforum er viktige møtestader for utvikling av arbeidet med samlingsforvaltning i tidlegare Hordaland, og no i Vestland.

Å gjere samlinga tilgjengeleg

Spectrum slår fast at museet skal ha ein policy for bruk av samlingane. *«Dette omfatter utstilling og annen framvisning av objekter, bruk av objekter i undervisning og forskning, reproduksjon og*

²⁵ Samlingsplan for musea i Hordaland 2015 – 2020, s. 29.

²⁶ Vedlegg til Samlingsplan for Hordaland 2015 -2020. Notat frå møte for musea med eit regionalt ansvar, s.1.

²⁷ Sst. S. 2 og 3

kommersiell bruk av samlingene og tilhørende dokumentasjon. Brukere omfatter personalet (inkludert frivillige) og allmenheten»²⁸

Museet har praksis på at gjenstandar som blir vurdert til å ikkje bli ein del av samlinga, anten ved inntak eller ved avhending, skal vurderast av formidlingsavdelinga.

Å gjera samlinga tilgjengeleg betyr og at gjenstandane vert gjort kjent for interesserte gjennom andre kanalar. Digitalisering av gjenstandane og publisering gjennom Digitaltmuseum.no, våre egne heimesider og presentasjon på sosiale media er andre metodar å nyta. Ein kan og tenkje seg at publikum kan få moglegheit til å komma med tilbakemeldingar til museet om gjenstandar, fotografi eller liknande og på den måten får ta del i kunnskapsutveksling mellom publikum og museum. Vidare kan ein levandegjera gjenstandar og miljø med digital teknologi som 3D, VR og anna.

Utstilling av museet sine originalgjenstander er en måte å gjera delar av samlinga tilgjengeleg. Ei tilgjengeleg samling er og ein forutsetning for forskning og formidling.

Ved planlegging og gjennomføring av utstillingar skal aktuelle utstillingsgjenstandar vurderast opp mot risiko i samband med utstillinga. Monter og anna som gjenstandane stilles ut i skal tilpassast gjenstanden. Det kan t.d. vera tilpassing av lys, temperatur, klimaregulering, materiale rundt gjenstanden, prosedyrar for reingjering, eksponeringsgrad og anna. Utstilling av museet sine gjenstandar på lokalitetar der eit optimalt, tilrettelagt klima for gjenstandane ikkje er mogleg, forutset vurdering av kva som kan stillas ut og korleis. Dette gjeld særleg utstilling av gjenstandar som høyrer til museet sine gamle bygningar og tun, der klima og lysforhold er varierende.

Innlån, utlån og deponering

I somme situasjonar vil det vera naudsynt å låna gjenstandar t.d. i samband med utstillingar. Dette er gjenstandar som vil supplera eigen samling, men ikkje blir ein del av den. Sunnhordland museum har kontrakt for innlån, utlån og deponering. Innlån og utlån skal avklarast med samlingsansvarleg. Det skal avklarast kven som har ansvar for innlånet (person og avdeling) og kontrakt skal alltid signerast.

Museet ynskjer primært ikkje deponering av gjenstandar. Det finns enkelte objekt som er deponert hos Sunnhordland museum, men ein ynskjer ikkje å inngå nye avtalar om deponering. Det er behov for å gå gjennom dei avtalane som er og vurderer å føre tilbake gjenstandane til eigar.

²⁸ Spectrum 4.o. Policy nr 16 Bruk av samlingene, s. 66

Mål og Tiltak

Mål: Sunnhordland museum skal i planperioden gjennomføre eit større prioriteringsarbeid i samlingane sine.		
Tiltak	Tid for gjennomføring	Ansvar
Utarbeida prosedyre og retningslinjer for innsamling og inntak av gjenstandar med tydelege kriteria for ervervelse og aksisjon	2021	Konservator
Ved gjennomgang av samlingane etter prioritert liste skal det gjennomførast tydelege prioriteringsprosessar. Herunder skal ein auka kunnskapen om prioriteringsprosessar og standardarar for evaluering av gjenstandars signifikans og følgje desse.	Heile planperioden	Konservator
Plan for kva gjenstandar og kva kriteria som skal leggst til grunn for å senda gjenstandar til konservering og magasinering hos bevaringstenestene på Salhus	2021	Konservator
Utarbeida prosedyre for gjenstandshandtering og ansvarsfordeling ved bruk av gjenstandar til utstillingar, forskning og undervisning	2021	Konservator
Utarbeida prosedyre for innlån, utlån og deponering, i henhold til Spectrum 4.0. prosedyre nr 3.; innlån og prosedyre nr 18; utlån.	2021	Konservator

LITTERATURLISTE:

St.meld. nr. 49 (2008–2009). Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling, fornying

Statsbudsjettet 2020 – tilskotsbrev

«SPECTRUM 4.O.» Standard for samlingsforvaltning. Kulturrådet 2016

«Retningslinjer for avhending». Kulturrådet 2015

Plan for samlingsforvaltning 2016 – 2018. Mjøsmuseet

Samlingsplan 2018-2022. Bymuseet i Bergen

Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020

«Tidens tand» – handbok om förebyggande konservering: magasinshandboken. Redaktör
Monika Fjæstad. Riksantikvarieämbetet, 1999

